



Arkivnr: 2018/146-8

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		12.06.2018

Grieg minutt for minutt - tilskot

Samandrag

Grieg minutt for minutt er eit initiativ frå KODE kunstmuseer og komponisthjem og Bergen filharmoniske orkester, med NRK som stor samarbeidspartner. *Grieg minutt for minutt* markerar 175-årsjubileet for Griegs fødsel.

Det skal arrangerast ein maratonkonsert med Griegs samla verk fredag 15. juni frå kl 1730 til om lag midnatt laurdag 16.juni. Dette blir ein nasjonal hending med minst 1 million sjåarar i Noreg, i tillegg er det stort potensiale for internasjonal distribusjon.

I hovudsak har KODE, Harmonien og NRK dekkja utgiftene til prosjektet over egne driftsbudsjett. Sparebankstiftelsen DNB har bidrege til markeringa på Troidhaugen - i all hovudsak til dekning av artistkostnader. I tillegg har Bergen kommune støtta opp om prosjektet med tilskot til kommunikasjon, marknadsføring og synleggjering av jubileet med til saman 350.000 kr. Fylkesrådmannen vil tilrå at HFK også bidreg med noko midlar til denne markeringa.

Eit slikt tilskot vil støtte opp under ei viktig satsing i museet og musikklivet i fylket, og bidra til synleggjering av HFK.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver 45 000 kroner over rådveldekontoen til Grieg minutt for minutt v. KODE

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Tilleggsøyvingskonto går ned med 45 000 kroner

10.400.735.00.14700 Kulturverksemder og kulturtiltak aukar med 45 000 kroner.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.